



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Voldsfjorden, Rådhuset
Dato: 08.03.2016
Tid: 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Heltne	Fagansvarleg planseksjonen, sak PS 21/16-25/16
Roger Nedreklepp	Fagansvarleg skog, sak PS 26/16

Det var åtte røysteføre til stades ved møtestart.
Åshild Vik møtte kl. 15:45 under handsaming av sak PS 25/16.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 21/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 23/16	Gbr 2/105 Dispensasjon frå reguleringsplan - Oppføring av tilbygg til hytte. Klage over vedtak i Forvaltningsstyret
PS 24/16	Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring - dispensasjon frå byggegrense mot E39 og for utnyttingsgrad
PS 25/16	Gbr 20/24 Dispensasjon frå kommunedelplan Volda sentrum for deling av grunneigedom. Klage over vedtak i Forvaltningsstyret sak 77/15
PS 26/16	NIBIO Furuneset - stønad til prosjekt "Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu" - kommunalt viltfond

PS 21/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes vedteken.

Sakliste

Røysing:

Saklista vart samrøystes vedteken.

Ekstra dokument lagt ut på lesebretta:

Korrigert saksutgreiing i sak PS 24/16

Utdelte dokument på møtet:

Brev av 08.03.16 frå Alice Bjerknes og Astrid Bjerknes Roseth, jf sak PS 23/16

PS 22/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 16.02.16 vart samrøystes godkjent.

PS 23/16 Gbr 2/105 Dispensasjon frå reguleringsplan - Oppføring av tilbygg til hytte. Klage over vedtak i Forvaltningsstyret

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjent for utvalet ved handsaming av sak 87/15 og som gir grunn til endra haldning til saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på vedtak i sak 87/15.*
- 2. Etter som det ikkje er nye moment i klaga finn Forvaltningsstyret heller ikkje at det er grunn til å gje saka utsetjande verknad i høve til vidare handsaming av klage.*

Handsaming:

Brev datert 08.03.16 med vedlegg, mottatt pr. epost den 08.03. kl. 09:24, frå Alice Bjerknes og Astrid Bjerknes Roseth, vart utdelt på møtet. Administrasjonen hadde gått gjennom innhaldet i brevet før møtet. Forvaltningsstyret sette av tid til lesing av brevet på møtet. Dokumentet inneheld ikkje vesentleg nytt, men administrasjonen peika på innspelet om utsetjande verknad, jf pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.03.2016

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjent for utvalet ved handsaming av sak 87/15 og som gir grunn til endra haldning til saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på vedtak i sak 87/15.*
- 2. Etter som det ikkje er nye moment i klaga finn Forvaltningsstyret heller ikkje at det er grunn til å gje saka utsetjande verknad i høve til vidare handsaming av klage.*

PS 24/16 Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring - dispensasjon frå byggegrense mot E39 og for utnyttingsgrad.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Nedre Klepp, plan ID 1982004 i høve til utnyttingsgrad, og for byggegrense mot Ørstavegen (E39) i samsvar med søknad datert 22.10.2015, på fylgjande vilkår:

Før handsaming av byggesøknad må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), og avklarast at tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande reglar, og eventuelt i byggesaka få fastlagt nødvendige avbøtande tiltak.

Handsaming:

Korrigert saksutgreiing vart lagt ut på lesebretta den 03.03.16.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg:
Saka vert utsett med tanke på synfaring på neste møte.

Røysting over utsettingsframlegget:

Sindre Kvangarsnes sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.03.2016

Saka vert utsett med tanke på synfaring på neste møte.

PS 25/16 Gbr 20/24 Dispensasjon frå kommunedelplan Volda sentrum for deling av grunneigedom. Klage over vedtak i Forvaltningsstyret sak 77/15

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at momenta i klaga er av slik karakter at det gir grunnlag for endra haldning til saka, og held fast på vedtaket frå sak 77/15.

Handsaming:

Hans Peter Eidseflot kom med fylgjande framlegg:
Saka vert utsett med tanke på synfaring på neste møte.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå Hans Peter Eidseflot fekk tre røyster og fall (Eidseflot, Trovåg og Koppen). Fem røysta mot.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsstyret finn at avvika som det vert dispensert frå ikkje er så omfattande at omsynet til gjeldande føresegner i kommunedelplan vert vesentleg sett til side. Fordelane ved tiltaket overstig elles klart dei ulemper tiltaket medfører, og dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad av 10.02.2015. Forvaltningsstyret gir løyve til frådelling etter jordlova §9.

Følgjande begrunning:

- *Den aktuelle eigedomen er allereie ei frådelt tomt frå hovudbruket.*

- *Frådelinga vil ikkje gi drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.*
- *Formålet med delinga vil vere til samfunnsgagnleg bruk, og gi auka busetnad i området.*
- *Dispensasjonen er heller ikkje i strid med §12 i jordlova då den ikkje er i strid med interessene den skal verne mot.*
- *Arronderinga synest god sett i høve til etablert infrastruktur og eksisterande bustad.*
- *Omsøkte deling ligg gunstig til i høve tilkopling vatn- og avløpsanlegg.*
- *Omsøkt deling er avgrensa og underordna den planlagde revideringa av kommuneplanen i området, og vil ikkje skape vanskar for ei framtidig samla planlegging.*

Åshild Vik kom no, og det var ni røysteføre til stades i framhald av møtet.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg fem røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster og fall (Eidseflot, Trovåg, Festø og Sunde).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.03.2016

Forvaltningsstyret finn at avvika som det vert dispensert frå ikkje er så omfattande at omsynet til gjeldande føresegner i kommunedelpen vert vesentleg sett til side. Fordelane ved tiltaket overstig elles klart dei ulemper tiltaket medfører, og dispensasjon vert gitt i samsvar med søknad av 10.02.2015. Forvaltningsstyret gir løyve til frådeling etter jordlova §9.

Følgjande begrunning:

- *Den aktuelle eigedomen er allereie ei frådelt tomt frå hovudbruket.*
- *Frådelinga vil ikkje gi drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.*
- *Formålet med delinga vil vere til samfunnsgagnleg bruk, og gi auka busetnad i området.*
- *Dispensasjonen er heller ikkje i strid med §12 i jordlova då den ikkje er i strid med interessene den skal verne mot.*
- *Arronderinga synest god sett i høve til etablert infrastruktur og eksisterande bustad.*
- *Omsøkte deling ligg gunstig til i høve tilkopling vatn- og avløpsanlegg.*
- *Omsøkt deling er avgrensa og underordna den planlagde revideringa av kommuneplanen i området, og vil ikkje skape vanskar for ei framtidig samla planlegging.*

PS 26/16 NIBIO Furuneset - stønad til prosjekt "Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu" - kommunalt viltfond

Administrasjonen si tilråding:

*Forvaltningsstyret syner til søknad frå NIBIO Furuneset om stønad til prosjektet "Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu".
Volda kommune yter kr. 10.000.- av kommunalt viltfond til føremålet. Summen vert utbetalt etter fakturering frå NIBIO Furuneset.
Forvaltningsstyret finn ikkje rom for å løyve rentemidlar av skogfond.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.03.2016

*Forvaltningsstyret syner til søknad frå NIBIO Furuneset om stønad til prosjektet "Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu".
Volda kommune yter kr. 10.000.- av kommunalt viltfond til føremålet. Summen vert utbetalt etter fakturering frå NIBIO Furuneset.
Forvaltningsstyret finn ikkje rom for å løyve rentemidlar av skogfond.*

Møtet slutt kl. 16:00.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
09.03.2015

Unni Strand
sekr.